

Kaland Trelast AS  
Keilevegen 45  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3279 - 14/13428

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
05.06.2014

## Tilbakemelding på søknad om omdefinering av våningshus og saksgang vidare - gbnr 51/2 Seljelid.

Kommunen viser til søknad om omdefinering av eksisterande våningshus på gbnr 51/2 til «våningshus benyttes som fritidsbustad» i samband med at det er søkt om oppføring av nytt våningshus på bruket.

På garden kan det berre først opp tiltak som er knytt til landbruksverksemda. I kommuneplanen kap 5 som omhandlar tiltak i LNF-område står de m.a:

5.1 Føremålet gjeld landbruks-, natur- og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. Heimel: Pbl § 11-7 nr 5 bokstav a.

5.2 Tiltak for landbruket skal plasserast slik at dei passar best mogleg inn i kulturlandskapet, under dette innpassing til eksisterande bygningsmiljø. Løyve til oppføring av bustad knytt til landbruket skal berre tillatast når det vert dokumentert at dette er naudsynt av omsyn til tradisjonell landbruksdrift på eigedomen, og det frå før ikkje er meir enn ei bueining på eigedomen. Nye bustadar skal plasserast i tilknytning til gardstunet. Heimel: Pbl § 11-11 nr 1».

Omdefinering av våningshuset til «våningshus benyttes som fritidsbustad» er berre ei endring av status i Matrikkelen eller eigedomsregisteret, som seier noko om faktisk bruk av eigedomen. For å endra bygget frå våningshus til fritidshus må det søkjast om bruksendring, jf pbl § 20-1. Ei slik endring vil vera i strid med LNF-føremålet og følgjeleg krevja dispensasjon før ei bruksendring kan godkjennast.

Før kommunen handsamar søknaden om løyve til oppføring av nytt våningshus ber vi om at det vert dokumentert at omsøkte tiltak er naudsynt av omsyn til drifta på garden eller om det vert søkt om dispensasjon frå plangrunnlaget, jf vår e-post av 24.04.2014.

Vi ber om tilbakemelding innan 26. juni. Dersom vi ikkje høyrer noko innan fristen vert saka handsama slik ho ligg føre.



Med helsing

Siril Sylta  
Konst fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arne og Mariann Kjeilen

Vikavegen 58

5956

HUNDEVIN

**Mottakarar:**  
Kaland Trelast AS

Keilevegen 45 5953

FONNES